



KARMØY KOMMUNE  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Aurora Skimmeland, 51568708

## Uttale- Søknad om dispensasjon for oppføring av brygge gnr./bnr 50/13 i Karmøy

Me syner til kommunen si oversending, dagsett 09.11.2022.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanen og ifrå byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Brygga det søkjast om er om lag 8 m<sup>2</sup>, og ligg i tilknytning til allereie oppført naust. Brygga blir brukt til fortøying av ein båt og plassering av eit lite akvarium. Brygga nyttast berre om sommaren, og plankar blir fjerna når sesongen er over. Det blir vidare peik på at det på grunn av terrenget er veldig vanskeleg å komme trygt om bord i båten, og at brygga difor er viktig med tanke på HMS for å forhindra ulykker. Brygga består av armeringsjern som er bora fast i fjellet, desse står heile året. Vidare består brygga av plank, som berre er montert på om sommaren. Kommunen er positive til å gi dispensasjon til brygga.

Saka er send på høyring til statlege og regionale sektorstyresmakter i tråd med reglane i plan- og bygningslova kapittel 19. Det er ikkje nok at omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsynet bak lova sitt føremål eller nasjonale eller regionale interesse, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må fordela ved å gje dispensasjon, etter ei samla vurdering, vere klårt større enn ulempe, jf. plan- og bygningslova § 19-2, 2. ledd.

### Statsforvaltaren sitt syn på saka

Av dei nasjonale ansvarsområda Statsforvaltaren er sett til å ivareta gjennom plan- og bygningslova, har me følgande merknader til saka:

Først vil me påpeike at det her er tale om ei brygge, og ikkje ei midlertidig eller temporær brygge slik som tiltakshavar og kommunen viser til. Me oppfordrar kommunen til å halde seg til definisjonar som angitt i lova og ikkje lage eigne definisjonar av brygger og andre byggverk. Dette svekker rettstryggleiken til tiltakshavar, og er uheldig for sakshandsaminga.

Sjølv om brygga tas ned om vinteren, vil den komme i strid med gjeldande kommuneplan sitt føremål, som er LNF-føremål. Den vil også like mykje som ei brygge som blir brukt heile året vere i strid med byggeforbodet i plan- og bygningsloven § 1-8. Det er slik me kan sjå det kanskje spesielt i sommarhalvåret at strandsonevernet i pbl. § 1-8 gjer seg gjeldande, av di det er då ålmenta i større



grad vil oppsøke strandsona og nyte friluftslivet, og slik privatisering vil føre til å redusere den frie ferdsla i strandsona. Me er av den klare oppfatning av at omsynet bak føresegna blir vesentleg tilsidesett i denne konkrete saka. Det er difor ikkje naudsynt å gå vidare i dispensasjonsvurderinga for å vurdera om fordelane er større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Me vil på bakgrunn av dei ovannemnde vurderingane **rå ifrå** at det blir gitt dispensasjon til oppføring av omsøkt brygge, då den er i strid med både LNF-føremålet i kommuneplanen og ikkje minst byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8.

Me gjer elles merksam på at som uttaleinstans skal me ha kommunen sitt vedtak tilsendt straks det er gjort.

Med helsing

Helene Medhus Skedsmo (e.f.)  
seniorrådgiver

Aurora Skimmeland  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger